

VÅRHÅUGBUEN



VÅRENS VAKRASTE EVENTYR
SIDE 21

EI REISE I VERDENSROMMET
SIDE 14 - 15

FORBALL OG HUND
SIDE 22 - 23



SPEEDWAY EM PÅ ELGANE
SIDE 4



Sjur Håland

SKUMMEL TANKVASK

Året eg vart fødd var 1962. Det skjedde før beita vart gjødsla om våren, og temmeleg nøyaktig sju månadar før Cubakrisa heldt på å setja det meste over styr.

Då president Kennedy vart skoten i november 1963 sat eg bleiekledd på kjøkkengolv, leika og streva med å halda balansen. Eg var så liten at eg ikkje har minne om hendinga. Men eg hugsar kor eg var då Oddvar Brå brakk staven. Då var eg ein mager flysoldat på Nordberg Fort på Lista og sat føreskriftsmessig uniformert på eit pauserom og såg dramatikken på direkten. Og eg veit kva eg gjorde då det første passasjerflyet treffe eine tvillingtårnet i New York i 2001. Eg vaska mjølketanken og hadde radioen på øyro.

Å vaska mjølketanken kan vera dramatisk nok i seg sjølv. Eg har fortald om denne hendinga før, men det er så lenge sidan at ingen hugsar det, og eg greier ikkje å finne att teksten i arkivet mitt. Det kunne danna seg eit belegg i mjølketanken. Då nytta det lite å vaska med dei standard vaskemidla. Kaustisk soda i kokevarmt vatn var den etsande løysinga.

Så veit i alle fall me mannfolka korleis det er å stå og sutla med vatn. Eg måtte på do, og tenkte ikkje på at det av og til kan vera lurt å vaska hendene også før eit dobesøk. Det er kjapt gjort å gå inn i fjøset og stilla seg opp ved renna. Vel tilbake ved mjølketanken byrja det å svi noko så infernalsk ein viss plass. Eg hadde berre eitt alternativ. Å vengja av meg buksa og kyla på med kaldt vatn frå vasslangen.

Lukka er somme tider betre enn forstanden. Denne gongen gjekk det fint. Såret grodde og eg vart like heil som før. Provet? Eitt års tid seinare vart yngste barnet fødd.

Lort mot virus

Appropos hygiene. Sommaren er her og me er i ferd med å gløyma den stride virusvinteren som var. Ikkje minst var det stritt for dei som er småbarnsforeldre. Snue, feber, hoste og alt det andre ridde heimane som ei mare. Avsetnaden på Paracetamol og tørkerull var god.

Nå er ikkje eg ein ekspert på bakteriologi og virologi. Snarare tvert i mot. Men eg lurar på om ikkje smittepresset var mindre før i verda. Samstundes var herdinga mykje annleis. Me snakkar om ei slags sprøytefri vaksinerings.

For hygienen var så som så. Ei kvinne frå generasjonen før meg fortalde at alle skuleelevane drakk frå same vassausa frå ei sinkbøtte som stod på gangen. Andre frå hennar generasjon har bekrefta at dette med handvask etter toalettbesøk eigentleg er av nyare dato.

Eg meiner bestemt å ha skrive før om 60-tals entreprenøren frå Jæren som var på ein gard på lortaskvetting og skulle inn til middag. Dei andre arbeidskarane svinga innom brunnhuset for å vaska nevene med Sunlight-såpe og kaldt vatn. «Skal ikkje du vaska deg», ropte dei etter entreprenøren som hadde nevene sausa inn med kulort og hadde peiling direkte mot kjøtkakene. «Dæ treng æg ikkje. Dæ æ jo reine lort», var svaret.

Ein annan bonde som eg nyleg høyrde om, var heller ikkje nemneverdig oppteken av vask. Hygiene var eit ord som på ingen måte var del av heiderskaren sitt vokabular. Nevane var inngrodde og impregnerte for evig tid, medan sorpa og kulort dreiv av arbeidstrøya og -buksa.

Kleda vart etter kvart så ufysne at ein velmeinande nabo ut på vinteren tok mot til seg og antyda at det kanskje var på tide å få nokon i huslyden til å vaska kleda hans. «Hø, det er heilt unødvendig», snøfta bonden. «Kleda blir knega reine i høyinga!»

Tidleg ute

Å koma til sjels år og alder fører med seg endringar som kjem snikande. Det er sikkert heilt naturleg og ufarleg. Men det er også aldeles unødvendig.

Før hadde eg stålkontroll på dette med avstandar og det å koma fram til eit avtalt møte fire minutt før møtestart. Det var null stress. I vinter var eg på eit kveldsmøte i Gjesdal. Det kunne jo vera glatt - eller vegarbeid eller eitt eller anna, så eg valde å køyra i god tid. Dermed kunne eg også få tid til ein do-pause om behovet skulle melda seg, noko det gjerne gjer.

Resultatet var at eg måtte sitja ein halv time i bilen på parkeringsplassen ved møtelokalet og scrolla på Facebook før møtearrangørane dukka opp, låste opp lokalet og slo på lysa.

Det blir verre. For kva skal ein tru om ein person (underteikna) som presterer å køyra til Sørlandet til eit avtalt møte på feil dag? «Nei, her er det ikkje noko møte. Du får heller koma att i morgon», sa den travle bonden. Slik vart det.

Greitt då å vita at eg neppe er åleine om å bomma på tida. Eg kjenner mellom anna til ein bonde som lurte seg til nokre late dagar under sola i Spania. Slaraffenliv i eit framand land kan vera stressande nok når du veit at heime er gjødsellageret fullt, to kyr har mjølkefeber og slaktebilen kjem og hentar gris i morgon tidleg.

Letta var bonden då han med høg puls endeleg stod ved skranken på flyplassen og skulle sjekka inn og flyga heim. Verre var det då mannen bak skranken myste på billetten, kikka opp på bonden, som i sitt indre alt hadde trødd i støvlane, og sa: «This was yesterday!»

Takk til Bondevennen for løyve til gjenbruk i Varhaugbuen.



FRÅ REDAKSJONEN

I år kunne me mest skifta ut ordet april med mai, i songen «Kom mai du skjønne, milde». For maken til vår! Nå er det berre og sjå om fin-været held til 17. mai.

Bøndene har fått fin-vær til vårvinna, og kyrne har kome tidleg ur på graset. (Kan aldri huska at me var så tidlege i mi tid som bonde). Tre og buskar står i full flor. Huskar andre år då me har henta inn bjørkekviser for å driva dei inne i varmen i husa, slik at me skulle ha noko grønt å pynta med til 17. mai. Det treng me i alle fall ikkje i år.

Nå er det berre å håpa at me ikkje har bruka opp alt finværet, slik at det og vert nokre fine dagar under Varhaugmarken.

Og så ein kommentar til når det gjeld Verdensrommet.

Eg var på skulen, og «gjekk gjennom» verdensrommet i gangen på skulen. For ein fantastisk måte om å få læra om universet på. Stor honnør til Svein Jarle for denne jobben. Tenk om det hadde vore slik på skulen i mi tid. Eg hadde neppe sovna i timen om universet på realskulen, om eg hadde hatt denne bakgrunnen. Liv



SPEEDWAY EM SEMIFINALE B

Elgane Motorsykelklubb arrangerte på lørdag 10. Mai EM Semifinale B i Speedway.

Glenn Moi og Lasse Madland Fredriksen fra Varhaug, Mathias Pollestad, Truls Kamhaug og Magnus Klipper representerte Norge.

Lagleder er Kenneth Klipper Smith og teknisk rådgiver for landslaget er Rune Holta.

Alle førere presterte i verdensklasse!

Glenn Moi, som for under 3 uker siden hadde ankelbrudd kjørte bedre og bedre utover dagen å hadde både 1 og 2 plass i heatene!

Med strålende sommervær, over 1200 jublende publikum og fantastiske funksjonærer gikk arrangementet som en drøm som har skapt minner for livet!

Norge landet på en 2. Plass totalt, mens søta bror (Sverige) stakk av med seieren.

3 Plassen gikk til Tyskland og 4 Plassen gikk til Latvia.

Løpene de neste månedene på Elgane er;

Helgen 21-22 juni -ATV

Helgen 20-21 september Speedway

Helgen 27-28 september Motocross



BLI MED PÅ DEN KULASTE LESEKAMPANJEN I SOMMAR!

Til føresette

Frå 1. juni til 31. august kan alle som går i 1.-7. trinn delta på **Sommarles.no**. Sommarles gjer lesing endå kjekkare, og det er heilt gratis å vere med.

Sommarles er for alle! På Sommarles.no kan ein registrere både bøker som barna har lese sjølve og bøker dei har lese saman med nokon eller lytta til (høgtlesing og lydbøker).

For kvar bok som blir registrert, får deltakarane XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Barna kan både få kule digitale trofé på nettsida og hente fysiske premiar på biblioteket. På Sommarles kan de også få lesetips og løyse oppgåver knytte til Sommarlesforteljinga for året, skriven av forfattar Mari Moen Holsve.

For å bli med på Sommarles.no går de inn på nettsida som opnar 1. juni, og lagar ein profil til barnet. Om de treng hjelp, er det berre å spørje på biblioteket dykkar. Så er det berre å lese i veg!

Vi håper at de vil hjelpe barna slik at dei kan delta på lesekampanjen og få gode leseopplevingar heile sommaren! Ta gjerne turen innom biblioteket dykkar for å få vite meir.

God sommar med Sommarles.no!



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltegull. Graving og drivring. Søking av kjeller. Utveking av fjor.
Egil Haknd 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com





BARSELTAPAS

I mai 2024 stod jeg ute i hagen og hjulte på minstemann. Da fikk jeg en idé og sendte melding til Henriette som var hjemme i permisjon: «er det dumt å invitere mange folk hit en formiddag og be om at alle tar med litt mat hver?» Hun ble gira og Vipps var gruppen «Barseltapas» opprettet på Facebook.

Vi begynte å invitere de vi gikk i barselgruppe med, og ba folk om å legge til andre mødre som de visste var hjemme i permisjon.

31.05.2024; Kaos av barnevogner ute i garasjen, biler parkert tett i tett i gårdsrommet, masse god mat på kjøkkenbenken, babyer som pludret og øvde på å rulle seg rundt på magen. Og ikke minst; drøsen og nye bekjentskap. Dette ble en suksess!


Siden mai 2024 har vi hatt 7 slike treff. Gruppen på Facebook teller i dag 44 medlemmer. I gjennomsnitt har vi vært 17-20 mødre med barn som har deltatt hver gang.

Siste gang nå, 28.04.2025, hadde vi rekordoppmøte med 45 stk i smått og stort. Mange av barna sprang nå rundt, lekte med hverandre og koste seg med pastasalat og pølsebiter til lunch.

Innimellom gikk folk ut og inn av dørene. Noen for å hente en unge som hadde hvilt, andre for å legge en unge til hvil.

Mødrene koste seg med herlig mat og den gode drøsen. Vi har blitt litt kjent med hverandre dette året. Det har vært veldig fint!

Her har vi hatt det kjekt og det har vært en flott arena for å bli kjent med andre



sambygginger og fremtidige klassekamerater til barna våre (og noen fra nabobygdene rundt). Alle som har vært innom har vært så glade og takknemlige for initiativet.

Nå nærmer permisjonslivet seg ferdig for undertegnede- men det fødes stadig nye barn på Varhaug. Kanskje er det noen andre som kunne tenke seg å fortsette denne kjekke tradisjonen?

Henriette Vikeså
Anne Margrethe Fauskanger



DET SKJER PÅ LERBREKK

På Lerbrekk går det stort sett som det pleier hvert år. Når det blir vår må det gjerast vårreingjering. Øystein Bratland og Oddvar Hobberstad har spylt og gjort reint utvendig på huset. Måndag den 7. april var 11 personar klar med bøtter og filler for reingjering innvendig med ekstra alle vinduer på alle sider. Det er eit putlearbeid for alle vinduer er doble og må opnast for å gjera reint mellom rutene. Men med gode personar så går det unna. Når så Sigbjørn hentar ferdig lapskaus frå R. Skretting så vert alle så smilande og blide. Og lapskausen smakar ekstra godt når ein har storreingjering.

Dermed er alt reint og klart for tre konfirmasjonsselskap tre helger etter kvarandre i april/mai.

Det blir grillkveld som vanleg i august. Og sundagskafé 7. september og 5. oktober.



GRILLKVELD PÅ LERBREKK SKULE

Torsdag den 7. august kl. 17.30 ynskjer me velkomen til grillkveld på Lerbrekk. Agnes med sin gjeng syter for gild musikk. Det vert allsang, sal av grillmat, kaffi og kaker.

Alle er velkomne, både store og små, unge og eldre!

Vennelaget

NYTT FRÅ MISJONS-HUSET

No er det snart sommer,- iallefall på kalenderen. Men først er det Varhaugmarken! Og søndag 1. juni vil misjonshuset ved Sentrum menighet invitere til markensgudstjeneste sammen med varhaug kyrkje og misjonskirka. Det var et flott arrangement i fjor og me håper det vert bra dette året og.

Eit av dei mindre samlingane med har på misjonshuset er «Rik bibel» der vi les saman eit eller flere kapittel i Bibelen og samtaler om det me les, Det er annankvar tirsdag men ikkje i sommarferien.

Eldretreffa «vi over 60» er første og tredje onsdag, men ikkje i juli. Siste dag før ferien er 18. juni og då pleier det vere busstur. Sjå oppslag om dette. Første samling etter ferien vert 20. august.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internetsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

I byggeperioden er kontoret midlertidig flytta til rom over hovudingang, men kontakttelefon er den same.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:

https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

BORDSKIKK

Dette har eg fått av Gunhild Nord-Varhaug. Den skreiv ho av då ho gjekk på skulekjøkken på Reilstad skule, Finnøy, i byrjinga av 60-talet.

- Kom reinvaska til bords.
- Kom presis, og set deg ikkje før dei vaksne har set seg.
- Gløym ikkje å be bordbøn før og etter maten, det er ein fin skikk.
- Sit rett, passe langt frå bordet, og føtene samla ved stolen.
- Legg ikkje armane eller hendene på bordet.
- Forsyn deg fint av fata. Du må ikkje berre ta dei finaste stykka, et og litt av det du ikkje liker.
- Et så lydlaust som mulig, tygg helst med lukka munn og ikkje smatt og slorp.
- Ein må ikkje blåsa på suppa for å få den kald, og heller ikkje tallerken opp i handa.
- Skei, kniv og gaffel må ikkje haldast for langt nede på skaftet.
- Ta aldri kniven i munnen.
- Et med gaffel.
- Snakk ikkje med mat i munnen.
- Hald alboga inn til kroppen når du et, men sit ikkje stiv.
- Strekk deg ikkje over bordet etter maten, eller over ein side-kamerat.
- Be heller fint om å få sendt det du ynskjer.
- Søl ikkje på duken.
- Born må ikkje avbryta samtalen mellom dei vaksne, verken ved bordet eller elles.
- Snakk ikkje om ubehagelege ting ved måltidet.
- Sjå etter at dei nærmaste ikkje manglar noko.
- Tenk ikkje bere på deg sjølv.
- Det er ikkje fint å pirka ut av tennene ved bordet.
- At ein ikkje må rapa, er sjølvsgt.
- Vær venleg og snill med dei du er saman med, både ute og heime.

Då vert det solskin over kvardagen.

- Dette er mykje som er sjølvsgt, men rart å tenka på at dette var noko som var skulelærdom.



HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845.

Håmeisterskapet 2025 gjekk av stabelen 5. april på Varhaug misjonshus. I år var det med 8 jenter og 32 gutar. Dei spelte 6 runder.

I meisterklassen hadde me med ein god spelar, Kristian Elias Nygård-Forberg frå Sotra. (han har gått på Tryggheim og har ei rating på 1821 slik at dei som spelte i meistergruppa fekk skikkeleg god motstand).

Meister vart Nils Tore Espegren Aarsland fra Jærtun med 8 poeng. I kan-litt klassen var det Torben Hadland frå Vigrstad som vann med 16 poeng. Det same hadde Nikolai Baklund frå Motland skule, men han hadde litt svakare kvalitetspoeng. Nybegynnerklassen vart vunne av Birk Kyllvik frå Jærtun med 18 poeng.

Midtvegs i turneringa var det pause med pizza og brus og årsmøte. Siden sjakkforbundene no er slege saman til eitt forbund, vart årsmøtet samde i at Hå skulesjakk sine samlingar på torsdager sluttar av til sommaren. Etter sommaren vert det sjakk på Bryne VGS kl 1800-1900. Og dei som vil spele turneringar kan gjere det og få rating. Men Hå-meisterskapen vil me prøve å halde fram med.

Under Varhaugmarken skal me arrangere VM i utesjakk, og her er det 3 fine pokalar for vinnar og dei to neste.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>



SJAKK FOR ALLE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Norges sjakkforbund og ungdommens sjakkforbund er frå 1/1-2025 sammenslått.

No er det Norges sjakkforbund (NSF) som gjeld for registrert sjakk..

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for skolesjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringar overalt.

Siste speledag før sommeren vert 11. juni, med klubbmeisterskap i lynsjakk. (ratet turnering). 28. mai er det Armageddon, og 4. juni rolig lynsjakk.

Oppstart for hausten 2025 vert (ganske så sikkert) onsdag 27. august.

Velkommen til klubben. Klubben har egen nettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



Skriva brev

Eit gamalt hus med mange kott lagrar mange forunderlege ting. Innimellom får eg det for meg at eg må rydda litt i alt rotlet som er lagra. Nå er ikkje rydding i huset mi sterkaste side. Eg likar betre å rydde ut i hagen. Men innimellom er det nokre dagar som absolutt krev inneliv. Og eg er ikkje den som sete heile dagane med eit spøt. Så då får eg ta litt rydding. Eg har heile livet skreve mykje brev, og fått mykje brev. Det gjorde mor og. Så då seie det seg sjølv at det blir mykje brev å rydda i. Mor hadde ei moster i Chicago og ei syster på Lista. I tillegg brevveksla ho med fleire veninner. Her om dagen kom eg over masse brev i ei kista på loftet. Det meste var frå 1970 talet. Å få brev frå moster på Lista var ei oppleving. For ho fortalde så levande om alt som føregjekk både hjå dei og hjå grannane. Brev fra moster i Chicago var litt vanskelege å tyde. Skrifta var veldig snirklete. Og ho lengta heile tida heim til Norge. Plutseleg dukka det opp eit brev frå 1947 skreve av ei faster til mor – ikkje til mor, men til systera som visstnok var på ferie hjå oss akkurat då. Ho skriv det meste utan punktum og komma. Så eg må nesten halde pusten når eg les. Eg blir litt nysgjerrig på personane ho nemner. Har ikkje heilt god oversikt over slekta på Krogedal (i Høyland) der ho budde. Denne fastera var født i 1865 og døydd i 1948.

Ein god del brev som eg fann var frå nokre av mine syskenbarn som skreiv til mor. Ein hadde skreve fleire brev frå då han var i militæret i Bardufoss.

Eg lure på om det er ungdomar i dag som skriv til ei moster og fortel korleis dei har det der dei går på skule eller studerer? Ingen, vil eg påstå. Eg trur knapt nok dei ofrar tantene ein einaste tanke. Og i tilfelle er det ein SMS eller ein Snap.

Smarttelefonen er komen for å - ja, ikkje gjera oss smarte, men heller gjere oss elendige i språkutvikling. Det er gjennom å skriva og lesa at me vert flinke i språk. Ikkje å sitja og koda på desse telefonane, men å verkeleg skriva for hand. Ikkje rart at ungar og ungdomar blir dårlege i norsk. Dei lærer seg ikkje til å bruka språket på rett måte. Dei skriv på

dialekt og lærer seg slurvete språk. Eg lure på korleis dei greier å skriva ei sær oppgave eller ei skikkeleg utgreiande oppgave på akademisk språk?

Me skreiv stil på skulen. Og det var ei mare, for å sei det mildt. Eg har ikkje realskule eller gymnas. Men eg har heile livet skreve brev. Då eg i ungdommen var vekke på skule, måtte eg skriva heim og sei korleis eg hadde det. Mor skreiv tilbake og fortalde om livet heime på garden. Av og til skulle far skriva. Då starta han med å sei at mor gjekk på foreining så han skulle skriva til meg. Det kom nokre få setningar og så: -nå kom mor heim så ho skriv ferdig. Far var ingen skrivar. Han trong ein evighet til å forma nokre få setningar. Så det er nok mor sin skrivekunst eg har arva. Eller kanskje det er meir ein dameting å skriva? Det er nok heller litt både og, som med så mykje anna.

Eg skriv om kvardagslege ting, og om det eg opplever. Og eg les mykje, både aviser og bøker. Nå les dei ikkje aviser lenger. Berre sveiper over nokre overskrifter på nettet. Det er ikkje det same som å halda avisa i hendene eller boka i fanget. Av og til får eg melding om morgonen: -Aftenbladet blir dessverre ikkje levert i dag. Sånne meldingar likar eg ikkje. Eg vil ha avisa i hendene. Lese bladet og løyse Sudoku attåt kaffien om morgonen. Det er toppen av det å vera pensjonist. Ein lange og gode morgon.

Vell, eg er ei (gamal og sær) dame som har levd ganske lenge. Den utviklinga som har vore sidan eg kom til verda er enorm. Då var det å skriva brev for å halda kontakt med slekt og vener. Ikkje alle hadde telefon, og det var dyrt å ringa. Posten leverte brev kvar dag. Nå er det eit lotteri kva tid brevet kjem fram. Porto er dyr. Å sende eit brev elektronisk går i ein fart. Å bruke posten tek LANG TID. Eg må innrømme at det blir for det meste elektroniske brev eg sender nå. Men det var kjekkare då breva kom i postkassen. Så innimellom sender eg eit brevkort når tantebarn har gebursdag slik at dei skal få den opplevinga med eit brev i postkassen.

Brit, 05.02.2025

Varhaug Fotoklubb

Fotoglede og felleskap for deg med interesse for foto.




Marianne Kristiansen



Björg Aksnes



Ingunn Auestad



Gunvor Bjorland

VARHAUG
hud & fotterapi


HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnau@online.no

**SERVICE • DELER
• REPRASJONER**

ABRØR
Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg
Tlf 48 50 97 80
post@abrør.no



30. mai - 1. juni 2025

Varhaugmarken



FREDAG 30. MAI

- 16.00 Åpning av Marken. Boder Åpner
Mange utstillere med både nye og gamle.
STOR hoppepute på 10x10 meter
Testing av rulle ski for barn
Hoppeslott og hoppepute
Kaninhopping
- 17.15 Ongaløpet
- 17.45 Oppvisning v/drillpikene på Nærbø
- 18.15 Eirik Zacariassen spiller
- 20.00 Marken slutt for i dag
Glafredagsteltet åpner

LØRDAG 31. MAI

- 08.30 -09.30
Gratis frokost sponset av Q- Meieriene,
R. Skretting, Spar, Coop Extra og Bygdekvinnelaget
Jærbelgen spiller under frokosten.
- 09.00 Bodene åpner
VM i sjakk v/Rådhuset
- 11.00 VM i Farseeting v/R. Skretting
konferansier Olav Madland
- 11.30 VM på Rulleski
- 12.30 Varhaugmilå
- 13.45 Trekning av premier til Varhaugmilå
Trekning av konkurranser fra stander
- 14.15 Andy & Jack fra Livepool, konsert/allsang
- 15.00 Marken Slutt. TAKK FOR I ÅR.
- 19-00 - 24.00
Markensfest v/Main Street. Rogalands beste
Partyband + support

SØNDAG 1. JUNI

- 11.00 Markensgudstjeneste ute i teltet. Griller er varme etter gudstjenesten, så bare ta med grillmat som du griller selv

sponsorer



General sponsor



Hoved sponsorer



JÆRHATTEN ER 30 ÅR

OG VIL MARKERA DETTE UNDER VARHAUGMARKEN

Historia til Jærhatten har ein litt spesiell bakgrunn. Og det heile starta hausten 1991, då Oгна og Vigrestad bondekvinnelag var på studietur til Danmark. Der såg dei på slakthus, meieri og nokre gardsbruk.

I Holstebro hadde dei kvelds i restaurant Rådhus-Kjellaren. Der kom det 3 danske damer og demonstrerte hattar frå ein flott butikk i byen. Dei fortalde om hatteklubb som allereie var etablert i Danmark, og om deira klubb «Lynghatten». Dei ønska seg ein vennskapsklubb i Norge, og ville at damene i bondekvinnelaget skulle reisa heim og stifta ein klubb, og kalla den «Fjellhatten». Dei var ikkje klar over kor dei norske damene kom frå.

Det var 20 damer på turen, og 11 av desse reiste heim med hatt!. Men hatten vart for det meste liggande på hyllene, då dei kom heim. Det var ikkje akkurat kultur for å ta på seg hatt, når ein skulle ein tur på handelslaget

Men ideen om ein hatteklubb var sådd hos bondekvinnene. Det første medlemsmøtet, var særskilt vellukka, og det kom 50 damer. Jærhatten, som vart namnet, fekk 20 medlemmer. Dette auka etter kvart, og på slutten av året hadde dei 71.

I mars 92 hadde Stavanger Aftenblad eit fint innlegg med bilde av blide hattedamer: «Bondekvinnene - nå også med moteoffensiv. Vil sette hatt på hele Jæren». «Vi vil ha hatten fram i lyset igjen», sier de sindige bondekvinnene sør på Jæren, som nå midt i vårvinna, har startet egen hatteklubb.

I starten var Jærhatten ei nemnd under Oгна og Vigrestad bondekvinnelag, men 1/1-95, «skilde dei lag», og Jærhatten vart ei eiga foreining med eiga styre. Dette har sjølvstendige skifta med åra, men tre av dei som var med frå starten av; er framleis medlem. og har bak seg mange, mange år i styret.

Jærhatten har egne vedtekter, der det står i §1 om foreningens formål: Bruke hatten på landet og i byens gater. Ved festlige anledninger, arrangere hyggelige sammenkomster for alle interesserte. Og videre i § 2: Foreningen er kun for voksne, og de må eige minst en hatt. Medlemmene må bruke hatten ved alle sammenkomster i foreningen.

Eva Aniksdal, som er dansk, var med fra starten av, og ho stod for opplegget då Jærhatten for første gong reiste på tur til Danmark på Landshattetreff i 2002. Dette er noko danske hatteklubb arrangere kvart år. Jærhatten ville markera at dei var 10 år, og me var 24 som reiste med buss til Randers, ein fin gamal by, som hadde eit eller anna by-jubileum.

Seinare har, i alle fall eg, vore på mange av desse hattetreffa. I fjor var med 8 damer som deltok i Odense.

Danskane hadde og lyst å koma til Norge, og i 2007 vart dei invitert til eit arrangement Jærhatten fekk til i samband på Jærdagen på Bryne.

Og når Jærhatten er 30 år, (me reknar starten i 1995, då dei vart sjølvstendige), har me invitert danske hattedamer til å koma til oss under Varhaugmarken. Og som vi gleder oss! Det kommer nærare 30 damer frå Danmark, og dei vil nok møta eit litt annleis treff, enn dei er vane med frå i byane i Danmark. Nå håper me berre på fint ver, slik at me kan kosa oss saman på markensdagane, og elles ha ein felles lunsj med damer frå Jærhatten og Århus, Horsens, Holstebro og Sønderborg i det sosiale rommet på Iden.

Som i andre lag, lykkast heller ikkje Jærhatten å få nokon leiar på sist årsmøte. Men me har eit kjempegodt styre, så me har klart oss til nå:

Kasserar: Gjertrud Hobberstad. Sekretær: Liv Hobberstad. Styremedlem: Bjørg Merethe Reiestad, Målfrid V. Skretting, Anne Karin Pedersen og Hjördis Rimestad. Vara: Gunhild Lobekk Thingbø.

Håpar dette kan verta eit gildt innslag på Varhaugmarken.

Og ekstra gildt hadde det vore om andre damer enn me i Jærhatten, hadde nytta høvet til å ta på seg ein hatt. Alle har vel ein eller anna solhatt liggande?

Liv



EI REISE I VERDSROMMET

«Hadde det ikkje vore gildt å lage verdsrommet i gangen?» Slik starta tankespinnnet og prosessen med å bygge gangen utanfor 4.trinn dine klasserom om til eit verdsrom med planetar, asteroidar og stjerner.

4. trinn på Varhaug skule har hatt tverrfagleg prosjekt om verdsrommet. Det har me kvart år på 4. trinn, men dette året gjorde trinnet litt ekstra utav det. Tidsramma var sett til ei skuleveke, og planane var både ambisiøse og detaljerte. Elevane fekk bruke dei fleste skuletimane til å lage til utstillinga i gangen.

Oppgåvene var både varierte og mange, og elevane fekk bryne seg på både maling, perling, nettstad og pappmasje. Fjerdeklassingane jobba gruppevis og ein god gjeng starta med å måle hundre meter med gråpapir svart. Skulen fekk tak i gratis målingsrestar, og sette i gang med målingskostar og ruller. Det gjekk unna i ein fart, og etter nokre dagar var det nok svartmåla papir til å dekke alle veggane i gangen. Dei vaksne på trinnet måtte ta størstedelen av monteringa, då det var høgt under taket, og vanskelig å kome til.

Medan veggane vart svartare og svartare, var andre elevar i full gong med å bygge dei åtte planetane i solsystemet vårt i pappmasje. Planetane tok gradvis form, og vart nøye måla slik at dei likna bileta på internett. Storleiken vart tilpassa slik at ein fekk fram skilnadane på planetane, og at det var mogleg å plassere i gangen. Alle åtte planetane var hengt opp i taket, og ein lapp på veggen viste kor lang avstand det var frå sola. Sola, som var laga i mosaikk av gule, rød og oransje pairlappar, var plassert i enden av

gangen. Der skein den med mange små julelys som vart hengt opp.


Ei utstilling treng også tilgjengeleg informasjon som kan fortelje om det ein ser. Dette fiksa trinnet med å lage ein nettstad om solsystemet og verdsrommet. Nokre elevar arbeidde med å lage nettstaden som vart kopla opp mot ein QR-kode. Koden vart hengt på veggen i inngangen til utstillinga. Nettstaden er laga av fjerdeklassingane, og inneheld både fakta og bilete om planetane og anna materie i verdsrommet.

Då alt var ferdig montert, kunne elevane kome på skulen og gå inn til klasseromma sine gjennom verdsrommet. Taket er dekkja av svart tøy, med julelys som lagar ein fantastisk stjernevimmel. Planetane heng majestetisk ned frå taket, og namnet på kvar enkelt planet er perla og heng ved sida av.

Mellom Mars og Jupiter heng asteroidebeltet ned frå taket, laga av samankrølla papir og aluminiumsfolie.

Elevane har laga det aller meste på eiga hand, og har gjort eit imponerende arbeid. Dei sit igjen med ei fantastisk utstilling og mykje kunnskap gjennom ei veke med praktisk arbeid.

Svein Jarle Åbrekk.



En alliansebank i eika.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekviner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no



SENTRUM

Vi har nå fått et «torg/lekeplass» i Sentrum. Dette kan lett bli bra. Varhaug-dagene nærmer seg og til dette bør området rustes opp ytterligere. Slik det fremstår savner eg

- fleire lekeområder for barn (me har fått sandvolleyball- og bocciabane men hva med dei minste?) Hvorfor i all verden er sandvolleyballbanen plassert på den beste le-plassen i Sentrum og dessuten er det sandvolleyball bane på Iden? Så vidt meg bekjent er ikke sandvolleyball noen stor idrett i vårt distrikt!
- salgsbuene må plasseres strategisk for bruk for f.eks torghandel
- leveggplasseringer (vi kjenner alle «noraveen» på Jæren og områder/ sitteplasser må skjermes for denne)

Rune Odland



SENTRUM (2)

Eg har i mange nummer av Varhaugbuen skrive om sentrum. Og dette er og noko som Bedriftsforeninga har vore oppteken av, eg vil mest seia: sjølv sagt!

Heilt tilbake i 2016 var Jon Harald Håland med i ei ide gruppe, der målet var å gjera Varhaug, både i sentrum og elles, til ein flott stad å bu og leva. Men det var jo før det gamle handelslaget forsvann, og me etter ei tid fekk eit ope område – eit torg midt i sentrum.

Nå er mykje av det som er nemnt i gruppa, kome på plass. Og ikkje minst vil denne grønne oasen, vera gild når me snart skal arrangera Varhaugmarken.

Men det er ein ting fleire har vore oppteken av, mellom anna Rune Odland i sit innlegg. Kvifor skal den plassen med mest live brukast til ein sandvolleybane?

Det måtte vera mykje betre om dei metrane kunne brukast til noko anna, som fleire kunne nytta seg av? Og nå er vel ikkje akkurat sandvolley noko eg forbinde med Varhaug?

Ja, me har fått eit fint sentrum, med masse benker/ bord der ein kan setja seg ned. Til og med bocciabane har det kome, og som de vil sjå i eit innlegg i bladet, den har vore i bruk! På Nærbø har dei hatt slik bane lenge på torget, og den har vorte veldig populær. Kanskje kan den me har fått på Varhaug, verta like populær?

Ja, me har eit fint sentrum. Men me skal berre over jernbanebrua før me ser noko anna. På sør ligg Fjordkjøkken og nærast smiler i sola, men på motsett side er det heller «misserebelt». Utruleg at folk berre kan kjøpa hus rundt omkring i sentrum, og så ligg dei berre der og skjemma ut for oss alle.

På vestsida av brua, lyser det fint opp hos Esso med både blommar og Velkomen til Varhaug skilt. Og det er ikkje alt, Esso fekk nyleg GULL.

Varhaugbuen vil her få gratulera Esso med gullet. Her er det tydeleg «at nye kostar feiar best»

Liv

RYDDING I SENTRUM

Påsken 2025 er nylig passert og hvis noen skulle være i tvil så vil jeg bare få sagt at Ryddejengen er i gang, kvar måned er vi ute. Vi, er da; Knut, Oddvar O, Øystein, Eldar, Liv Tone og undertekna, alle er vi pensjonister. Første onsdag i måneden er den faste dagen, men kvar enkelt disponerer sin dag og går den dagen det passer. Vi avslutter ryddeøkta med en sosial samling i kafeen til «Skretting'ingjen», kaffe og noe å bite i følger med!

Aktiviteten vår er frivillig og nyttig, nyttig i den forstand at Sentrum framstår ryddig, lite søppel! Vi har delt Sentrum i område for kvar enkelt av oss. Vi oppfordrer alle som bruker Sentrum til å delta i rydding så skal heller me i Ryddejengen ta stikkprøvekontroll 😊 når vi er ute.

Nå må vi ikke gløyme naturen ut forbi sentrum. Alle turgåere, med og uten hund. Ta med deg pose i lommen, hent graps og kast det når turen er ferdig, i egne dunk. Kast ikke hundeposer i «garhålene» langs turvegen. Å henta søppel er lett, gjer gode resultat, og me vert alle glade med rein natur. La «Stor-Varhaug» bli reint og trivelig. La deg ikke skræma av at dette ikke er ditt søppel, hjelp naboen hvis han ikke klarer det sjøl.

Rune

ÅRSMØTE VARHAUGBUEN

Dette vart halde på Bygdahuset 28. april, etter same mal som tidlegare. Utanom styret, vert dei gode postboda våre, eller bladfykane om du vil -(dei som år etter år har køyrt rundt i bygda med bladet vårt)- inviterte, i tillegg til ein del andre lag. Her er det vanlege årsmøtesaker med rekneskap og val, og ikkje minst godt drøs og mat, som i år var Pizza. Litt endring i styret vart det, slik statuttane for Varhaugbuen er. Dette finn du i rubrikken «Desse laga står bak Varhaugbuen», som er med i bladet kvar gong.

Liv

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinne lag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Styre :

Leiar:

Glenn Skretting - bedriftforeninga

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Sondre Risa Ånestad - Svala 4H
Gro Ånestad Bratland -
Bygdekvinnelaget

1. vara

Anne Mette Tunheim - Vennelaget
for Lensmannsløa

2. vara

Eirik Høyland - Hå karateklubb



17. MAI OG KORPS

Dette er to ting som høyrer naturleg saman. Nå ha me på Varhaug ikkje hatt korps på nokre år, og det gjer at ei gamal «korps-mor» - eg hadde to som spela i skulekorpset på Varhaug, i mange, mange år, ganske lei når det går mot 17. mai. Me kan ikkje gå i barnetoget utan musikk. Då er me heldige, som har gilde naboar. I fjor stilte vaksenkorpset på Nærbø opp, og i år kom skulekorpset. Dette set me Varhaug-folk veldig stor pris på, og eg sender dei ein **STOR TAKK!**

Eg sat heime i stova 17.maiog såg på TV, og der fekk eg i alle fall ganske mykje korpsmusikk med meg. Då kom eg til å tenka på ei veninne eg hadde på Klepp. Ho hadde og ungar med i skulekorpset der. Og både ho og eg måtte alltid blunka ekstra med augo, når me høyrde korpsmusikk, tårene var aldri langt unna. Eg må berre seia at eg blunka mange gonger framføre fjernsynet og.

Dei snakka og om korpsmusikk i fjernsynet, og det er heile 123 år sidan me fekk det første skulekorpset; Møllergata i Oslo vart starta i 1902.

Min draum er at eg skal få oppleva at det vert korpsmusikk på Varhaug igjen. Er det ikkje nokon der ute som kan stå i bresjen og prøva å få andre med seg, slik at me igjen kan få vårt eige korps opp igjen?? Det krev nok litt, men alt det arbeidet de legg ned, vil de få tilbake med mykje glede. (Eg snakkar av erfaring)
Liv

TAKK til drill og korps frå
Nærbø som stiller opp
på Varhaug



VARHAUGBUEN OG JÆRHATTEN

Mange vil kanskje seia, eller spørja seg sjølv; Kva har denne hatten å gjera i Varhaugbuen. Og svaret er ganske enkelt. Jærhatten er ei foreining, med adresse Varhaug, og der eg har ein fot innanfor, og som og har eit jubileum. Jærhatten, slik de finn i eige innlegg, starta i ei bygdekvinnelags foreining sør i bygda, som nå er nedlagt. Akkurat som då bygdekvinnelaget på Varhaug jubilerte, for nokre år sidan, der eg og hadde ein fot innanfor, skrev eg mykje om historia til det laget.

Det kan ikkje stikkast under ein stol at eg som redaktør, kan bestemta mykje. Og eg har i grunnen skreva det eg har meint om mangt og mykje opp gjennom år Sikkert ikkje alltid folk er einige med meg i alt, det er mi eiga meining eg skriv om. Men eg har til nå, «ikkje fått så mange skraper i lakken for det». Veldig gildt når det kjem innlegg til bladet frå andre enn dei faste, slik at me får ei stor bredde på innhaldet. Trur aldri eg har sagt nei til noko, av di eg følte det ikkje passa inn i bladet.

Frå 2002 til 2024 har Jærhatten delteke på Landshattetreff i Randers, Odense, Horsens, Aabenraa, Sønderborg, Haderslev og Aarhus, alle stader 2 gonger, Værløse v/København, Aalborg, Tønder og Ærø. I 2017 var det by-jubileum i Aarhus, og det treffet vart avlyst, då dei ikkje kunne skaffa hotell, og i 2020, vart det avlyst i Horsens grunna koronaen.

I 2007 kom danske hattedamer til oss. Då la med treffet tikl Jærdagen på Bryne, der me hadde eit godt samarbeid med M44, som hadde ei kledevisning i Storgata. Alle hattedamene kom rett etter på den raude løparen, og det var tjukt med folk på begge sider, som heia og klappa til oss. Noko slikt, med så mykje publikum rundt oss, har me aldri opplevd i nokon av by-treffa i Danmark.

Så dei som nå kjem, og som tenker på treffet på Bryne, vil koma til noko heilt anna på Varhaug. Det er difor me har lagt treffet til Varhaugmarken, slik at me får vist ein del av dei aktivitetane bygda vår her.

Nå kjem det damer frå Århus, Sønderborg og Horsens, der dei fleste skal overnatta på Bryne, men ein god del her på Varhaug Og me vonar at me og kan ta dei med på tur rundt omkring, for å syna dei kva Varhaug er. Eg trur dei er godt budde på at Varhaug er ein liten stad, og ikkje ein by. Me hadde nemleg laga til ei god oversikt over kva me har i stasjonen, og som me leverte ut i Odense i fjor.

Me vonar me kan gje gjestene ei god oppleving, når treffet er på landsbygda, og ikkje i ein stor by. Nå er det berre å håpa at veret held seg, slik at me kan «mingla» litt rundt i stasjonen, før me skal ha ein felles lunsj i det sosiale rommet på Iden, laurdag ettermiddag/kveld.

I Danmark er me alltid samla til ein lunsj midt på dagen, med noko godt i glaset og underhaldning med song og musikk. Noko av det same vil me prøva å få til her.
Liv



VB VoldenTollefsen

W Murmester
Waldeland & Dubland

Slakteren
NALT MESTERKLASSE
R.SKRETTING A.S

WESTCO
miljø

ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104

ODLAND a/s
FORSKALING OG STØYPING
4360 VARHAUG

4[♣]

Ute med 4H!

I år er det friluftslivets år, og som alltid har me i 4H arrangert kjekke aktivitetar for alle aldere!

På åpen dag på jærmuseet så stilte me opp med stand, som alle kunne koma og sjå på. Me tok med oss to bålpanner som blei tatt i bruk til å lage og selje bålchips – ein 4H klassikar som fallt i smak for både små og store. I tillegg til at man kunne lage bålchips så hadde me satt opp ei frisbeegolfbane, som mange tok utnytte av i fin vêret.

Men kva er vel friluftslivets år uten ein tur ut i naturen? I år hadde me derfor overnattingstur under åpen himmel i sveineskogen. Medlemmane hadde med seg allt ifrå liggeunderlag og feltseng til hengekøyer. Dagen starta med god fyr på bålet, kor alle 4H medlemmane hadde moglegheiten til å grilla. Vidare bydde kvelden på kjekke aktivitetar som testa både medlemmane sine sikte ferdighetar med øksekast, samarbeidsevne med potetsekke-løp i grupper, og mykje meir. Når sola senket seg så vert bålet tent på nytt, og medlemmane fekk kose seg med både bålchips og diverse snacks. Volleyballnettet vert satt opp, noko som førte til jevne kampar mellom ivrige spelarar. Etter kvart som roen senket seg over skogen så kunne ein høyre lydane av den vakre naturen og sjå opp på ein stjerneklar himmel. På morgonen åt me frokost før vinnarane av aktivitetane vert kåra. Årets overnatting under open himmel bydde på god stemning og gav mange av medlemmane fine opplevsar som dei kjem til å sjå tilbake på!

Skreven av Stine Ånestad Vestly



KVA ER VÅRENS VAKRASTE EVENTYR?

I Oslo kallar dei den årlege Holmenkollstafetten for det. Men her på Jæren trur eg me kan seia det er når kyrne kjem ut på grønt gras om våren.



MØTE I LENSMANNSLØA TORSDAG 5. JUNI

Lise Myklebust - forfatter av boka Gnisten som kom ut i 2023. Hun vil dele sin historie med oss i Løeståva i Lensmannsløa. «Hvorfor ble jeg så syk? Hvordan var det å være syk? Og ikke minst, hvordan kom jeg meg ut av dette? Jeg skal snakke rundt dette og mine opplevelser som psykisk syk. Jeg kommer også til å vise konkret til hva som hjalp meg og ikke hjalp meg. Samtidig kommer jeg til å dele noe om hvordan dere kan hjelpe dere selv, og hvordan dere kan møte andre som har det vanskelig. Det åpnes for spørsmål fra publikum»

Lise Myklebust tar med seg noen fotografier som det er mulig å kjøpe i løpet av kvelden.

Dørene åpner 18:30 og foredraget begynner 19:00.

Kjøp billetter på Linticket: <https://www.linticket.no/page/no/event/20/13493>

ÅRSMØTE LENSMANNSLØA

12. mars var det årsmøte her, med ikkje alt for mange til stades, til tross for at laget har 337 medlemmar.

I årsmeldinga vart det vist til informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget på nettsida deira: www.lensmannsgarden.net. Og vidare om Vennelaget sine arrangement, som vert vist på Facebook-sida «Kultur i Løå», der det er 1100 som følger den sida.

Astrid Skretting vart attvald som leiar. Med seg har ho nestleiar Dag Madland, kasserar Odd Einervoll og styremedlem Oddbjørn Ueland og Mons Skrettingland. Vara er Tone Ånestad.

NM KAMP OG HUNDEUTSTILLING

Varhaug vant mot både Frøyland og Hinna i kvaliken og det ble bestemt at vi for andre år på rad skulle få storfint besøk. Denne gangen fra Bryne FK.

I den var samme helg fullbooket av firbente som var på missekonkurranse i begge hallene. Med flere tusen tilreisende i samme periode, kunne det bli kaos med parkering. Men det løste seg fint og vi fikk bruke nærområdene våre. Mange Varhaugbuer hadde valgt å sykle eller gå til kamp.

Midt under finale i hundeutstillingen i JSA stoppet de opp og delte hallen i 2 - alle spillerne fikk trampeklapp på vei til bane og innmarsj til grønne buss. Rørende og imponerende at vi heier på hverandre selv om vi driver med to vidt forskjellige aktiviteter.



Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

MAU
MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom


BLI MEDLEM

- Gratis kroppsanalyse når du møtter deg inn for 12 måneder (18 års aldersgrense).
- Tilbud om Pulsen start tåne.
- God kompetanse innen trening og kostnad.
- Røntgen apparat og innlegg til å bruke akkurat når det passer for deg!
- Brest utvalg av varierte gruppetimer og godt utstyrt sentral for egen trening.
- Åpent 24/7 med medlemstiltak.
- Annetidstimer (Crossfit).

Pulsen FUNCTIONAL FITNESS
@varhaugpulsen_n
Pulsen VARHAUG
@varhaugpulsen_trainingcenter

RETROKVELD

27. februar var Retrokveld tema på lagsmøte. Fleire av deltakarane hadde kledd seg opp med «ikkje heilt nye klær». Det var alt frå fritidsklær til gamle festkjolar. På programmet stod kviss med spørsmål frå eldre tider, mat som var vanleg for ei god stund sidan og gevinstane på åresalget hadde eit eldre preg.



TRONÅSEN

28. april gjekk «langturen» til Moi og tur over Tronåsen.

Det blei ein fantastisk gille tur for dei 8 damene som deltok. Været var passe godt,

12 grader, stille, overskyet og litt skodd på toppane, men ikkje meir enn at me fekk litt utsikt.

Opp bakkane frå Moi blei ei overrasking for oss om kor godt det gjekk å gå oppover.

Så på toppen, etter 45 minutter var det mat-pause og godt drøs og god replikker før nedturen starta og vi vart overraska over terrenget, fin løype.

Vel framme på Sira etter 5 km stod bilane klare. Takk til Sem Gaute som losa bilane med sjåførar til rett plass, fram og tilbake. Ein liten kaffepause ved den malte benken før heimreise og god softis på Vikeså.

Me vett å kosa oss på gåturane våre.



MØTEPLAN HAUSTEN 2025 I BYGDEKVINNELAGET
28. august - Basar
25. september - Årsmøte
30. oktober - Lagsmøte
28. november - Julemøte med markering at laget er 90 år



Pensjonistforbundet Varhaug

April-møtet var lagt til Salen på Iden, sidan Frimenn skulle koma og synga. Det var dekket i heile Salen, men dei måtte likevel inn med ekstra stoler. Det var stapp-fult, for å seia det mildt. Men me som hadde kome, fekk ein gild kveld med mykje fin song og musikk. Og tid for kaffipause og årsal, vart det og.



VÅRENS KALDESTE EVENTYR

1. mai 2025 hadde vi bestemt oss for å prøvespille på den nye Boccia banen i Varhaug sentrum.

Det var en kald dag med vind og få varmegrader. Men iveren i å gjøre det best mulig på banen, helst vinne, fikk oss til å glemme kjølen. Vi spilte 2x10 omganger. Reglene var forholdsvis enkle. Det gjelder å komme nærmest den første lille kulen, som er kastet ut av en utvalgt, til hver omgang. Hver av spillerne har to boccia kuler hver. Det var enkelt, men samtidig veldig vanskelig å komme nærmest målet. Oddvar var en kløpper til å kaste kulene nærmest, og dermed vinner av den første omgangen. Blant oss andre varierte vinnerlykken veldig. Oddvar var den som ble best etter 10 runder. Vi var alle enige om at det var fint med en Boccia bane i Varhaug sentrum, og håper den blir flittig brukt. Her er Tron ute med målebåndet for å sjå hvem som er nærmest målet, som er den minste kulen. Oddvar har allerede sikret seg som vinner av denne omgangen.



Like viktig som spillet, er kaffe og godt drøss. Oddbjørg, Wencke og Aud Torunn sitter sammen ved ett bord, mens Oddvar, Tron og Torstein har tatt plass ved et annet bord. Det var satt ut gode og stødige benker som var veldig behagelig å sitte på. Bjørg har tatt bildene, men var og med på spillet.



SENTRUMSSALONGEN

Etter mange år i Ånestadvegen, har nå frisørane flytta på seg. Ikkje så veldig langt, berre over jernbanen og så litt vestover mot Rådhusgata 2a, eller til Bygdahuset, som sikkert er enklare å huske. Og her har Kristine og Siv Elin fått seg ein skikkeleg fin og romsleg salong: Eg kikka så vidt innom i - ei travel før 17.mai tid - og der fekk eg i alle fall bilde der ungane kan sitja, når dei vert klypte. Ja, det var noko enn i mi tid, då den manlege frisøren me gjekk til på Bryne hadde kvit frakk på seg. Søster mi, som var 3 år yngre enn meg, hadde hatt ein traumatisk oppleving av kvitkledde på sjukehuset, så ho starta å grina med ein gong me kom inn døra. Frisøren måtte ta av seg den kvite frakken, og så gjekk det bra.

Varhaugbuen ynskjer dei til lukke med ny salong. Her har damene fått ein triveleg salong, og Bygdahuset ein god leigebruar i mange år framover. Og det var nettopp ein frisør, det var snakk om å få inn, då eg var med i styret i starten. Liv

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgen@herredsvela-transport.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

MANGE STORE JUBILEUM I ÅR

Bondelaget skal feira at dei er 100 år. D.v.s dei er 105, men grunna koronaen, kunne dei ikkje feira den dagen, så difor tek dei det nå i oktober.

Bygdekvinnelaget vert 90, og dette vil dei markera saman med julemøtet i november.



VARHAUG BONDELAG ER 105 ÅR

Varhaug bondelag vil feira 105 års jubileum

fredag 17.oktober kl. 19.00

i gamle salen på Idrettshuset

Det vert god mat og underhaldning

Dette glede me oss til,

og håper at du alt nå set av denne dagen
(Meir informasjon kjem seinare.)

Helsing styret



VARHAUG
BONDELAG



VARHAUG
BONDELAG

GRATULERER MED GULL TIL ESSO



ÅRSMØTE FOR VENNELAGET LERBREKK

13. MARS 2025

Sigbjørn Varhaug ønskte velkommen til årsmøtet for Vennelaget Lerbrekk skule. Han sa at årsmøte her er heilt ulikt andre årsmøte. Det er nok ganske nær sanninga, for stemninga var lun og varm, med mykje drøs blandt dei frammøtte. Det var ca 40 personer som hadde sikra seg eit sete i skulehuset denne kvelden.

Hovedpunktet for kvelden var å leggja fram årsmelding og rekneskap, og valg av styret. Sigbjørn hadde jobba med tanken på årsmeldinga sidan januar, men han kunne ikkje finna dei rektige orda sa han. Men ein tur på Kongevegen, nede i Skrytevika, i lag med familien, kom ideen og orda til han. Det var ei innhaldsrik og interessant melding han kvitterte med.

Etter dette var det Brit Obrestad sin tur å leggja fram rekneskapen. Det viser godt igjen at hu har god kunnskap med tal. Oppsettet frå henne var så flott og godt å forstå, at hu fekk skryt av dei som reviderte dette.

Me sang ein del sanger i løpet av kvelden som fekk fram vår-kjensla. Det er alltid Brit som spelar orgel til sangane, og det gjer det enklare for oss andre å finna sånn omtrentleg rektig tone.

Årsmelding og rekneskap vart godkjent ved akklamasjon.

Valg:

Sigbjørn Varhaug, formann (på val -1 år)
Brit Obrestad, kasserar, (på val - 2 år)
Anne Margrethe Ånestad (på val - 2 år)
Dag Varhaug 1 år att
Ingunn Reiestad 1 år att

Varamedlemar:

Aud Torunn Hobberstad (på val - 1 år)
Onar Paul Varhaug (på val - 1 år)

Revisorar: Ingvar Reiestad, (på val -2 år)
Øystein Bratland, 1 år att

Valnemd:

Olav Husveg, (på val - 3 år)
Arnstein Skretting, vald i 2023
Per Egil Dubland, vald i 2024

Dette vart også avgjort ved akklamasjon.

Og så var det Sigbjørn sin tur igjen. Han hadde minneord om dei medlemmene som hadde dødd det siste året. Det var sju personar, og alle fekk fine ord og takk, og flott ettermæle.

Det var Brynhild Halvorsen, Johannes Husveg, Gunlaug Steinberg, Bergit Husveg, Klara Ueland, Rannfrid Jenssen og Borgny Hobberstad.

Etter dette vart det eit minutt stillhet for å minnast

Då var det viktigaste avgjort, og me venta på god matsservering. Som i tidlegare år vart det servert gode påsmurte sjever, og lefser. Spesielt gode var sjevener med egg

og sild. Medlemmene koste seg med kaffi og den gode maten. Men

alt har ein ende, og etter dette var det tid for åresalg.

Gevinstbordet bugna av flotte gevinstar, så folket grov godt

ned i pengetaska, og mange fekk med fin gevinst heim.

Før det siste innslaget for kvelden: Ein biletserie gjennom 30 år for Vennelaget Lerbrekk skule, etterlyste Sigbjørn folk som kunne vera med på vårreingering av bygningane.

Biletserien var flott. Det vart vist frå starten av renoveringa. Me fekk sjå mykje arbeid gjort med spade og handmakt i forbindelse med innlegging av toalett og vatn. Det var bilde av golv før og nå, av takkonstruksjonar der akutt hjelp var nødvendig, av mange gilde medlemmer som hadde vore med på dette, både som snikrar og kjøkkenhjelp. Restaureringa vart avslutta i 1996.

Dei to som gjekk ut av styret fekk kvar sin flotte orkidé.

Heilt til slutt avslutta me med sangen Kveld på Jæren, med tekst av Tobias Skretting.

Vel heim!

Sissel Roa Hobberstad



VAKT PÅ GRØDALAND

Nå er eg ferdig med den årlege dugnadsjobben for historielaget saman med svigerinna mi, Gjertrud. Ho hadde, som tidlegare år, med seg barnebarnet Aleksander. Han er til stor hjelp med den tekniske betalinga, og ikkje minst med sal av bakverk frå Jærmuseet (krans, havrekjeks og pinfanter) i tillegg til is og brus. Det vart i grunnen ein roleg dag, sjølv om det kom innom ein del folk. Mange ville ikkje inn i sjølve bygningane, dei kjøpte seg berre noko, og sette seg i solveggen, før dei vandra vidare på Kongevegen. Ein gild dag i fint sommarvær. Liv



STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

15. august 2025

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.



PIZZATILBUD STOR PIZZA + 1,5 BRUS 199,-

GJELDER IKKE UTKJØRING

STASJONS PIZZA VARHAUG & GRILL



Ring oss

☎ 4000 56 11



**Bonde
Kompaniet**
Varhaug

Helgjødse 15 l
2 for 479,-
pr. sekk 299,-



Hage-
gjødse
25 kg

599,-

Hagekalk
25 kg

179,-



 **Felleskjøpet**
Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no